



## MØTEBOK

### Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 11.05.20 klokka 18.00 -22.00

Stad: Telefonmøte

Til stades på møtet: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Heine Eikemo, Randi Legård

Forfall: Håkon Småbrekke

Andre til stades på møte: Sveinung H. Olsnes, sekretær

### Saker til styremøtet

Sak 32/20: Meldingssaker

Sak 33/20: Rjupejakta 2020

Sak 34/20: Reinsjakta 2020

Sak 35/20: Samjaktavtale HA 290

Sak 36/20: Samjaktavtale HA 300

Sak 37/20: Status arbeid fiskeforvaltning

Sak 38/20: Status stølar og hytter

Sak 39/20: Røldalsmarknaden

Sak 40/20: Orientering frå sekretær

Sak 41/20: Sanksjonar ved lovbrot på Røldal Statsallmenning

Sak 42/20: Endring av fiskeregler

Sak 43/20: Motorferdsle på Røldal SA

Sak 44/20: Definisjonar ifbm regelverk Røldal SA

Sak 45/20: Praksis utleige fjellstyrehytter- koronatiltak

Sak 46/20: Møtelokale og oppbevaring av dokument

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/      Heine Eikemo/s/      Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

## Sak 32/20: Meldingssaker

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Det er ikkje meldingssaker ut over saker til handsaming. Komplette meldingssaker vert lagt fram på neste møte.

### **Vedtak:**

## Sak 33/20: Rjupejakta 2020

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Vurdering etter Naturmangfaldlova:

### § 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Kunnskapen om bestandssituasjonen på rjupe på Hardangervidda er usikker. Det er på det reine at det er store svingingar i bestanden frå år til år og det er fleire faktorar som påverkar dette. I år med sein vår og/eller kaldt og därleg ver i den mest kritiske perioden veit ein at det vert därleg suksess på kyllingproduksjonen. Fjellfugl vil vere mest utsett her. Ein har hatt årlege takseringar på nokon område som klart viser dette. Generelt er det vanskeleg å vite noko om produksjonen før ein har hatt takseringar og før ein veit korleis årets produksjon har vore. For Røldal SA er det ikkje føremålsteneleg å ha takseringar då det er store område og mest fjellfugl og følgeleg vanskeleg å takse. Ein vurderar det difor slik at ein ikkje har eksakt kunnskap om korleis årets produksjon vert og følgeleg bør ta konsekvensen av dette.

### §9 Føre var prinsippet:

Fjellstyret vurderar det slik at ein ikkje har nok kunnskap til å opne opp for fri jakt. Dette som følgje av vurderingar under § 8. Rjupa er på den nasjonale raudlista og dette tilseier at ein bør vere restriktiv med å tillate for stort jakttrykk. Eit føre var prinsipp med å legge seg på ei avgrensing i tid og talet på kort vil vere med på å halde jakttrykket nede.

### § 10 Samla belastning:

Fjellstyret vurderer det slik at ei avgrensa jakt vil kunne forsvarast og at dette ikkje vil føre til ei samla belastning som vil vere til skade for økosystemet.

§§ 11 og 12 blir vurdert som lite aktuell i denne samanheng.

Lokale vurderingar:



Rjupejakta vart diskutert i sak 22/20 der fjellstyret kom med innspel på kva for ordningar og reglar som skal vere gjeldande for rjupejakta 2020. Fjellstyret ynskjer å halde fram eit føre var prinsipp når det gjeld tildeling av rjupejakt på Røldal Statsallmenning, jfr utgreiing etter Naturmangfaldlova. Dette av di situasjonen for rjupa er usikker mht bestandsstorleik og utvikling vidare. Det er på det reine at ein i år har særstakke store snømengder på Hardangervidda, noko som kan føre til sein vår og dårlege tilhøve i klekkinga. Røldal Fjellstyre vurderer det derfor slik at ein skal avgrense jakta både i tid og antal. I sine vurderingar har styret teke om syn til dei store svingingane i bestanden dei seiste åra og tilbakemeldingar frå fjelloppsynet og andre brukarar. Fjellstyret ynskjer ikkje å opne for jakt på hare då det er svært lite hare i fjellet, noko det har vore i mange år. Dette grunngjev ein med tilbakemeldingar frå jegerar og oppsyn. Det vert nesten ikkje skote hare i Røldal SA. Ingen harar er skote dei seiste to åra.

#### Kanadagås:

Røldal FS har i vedtak 31/09 bestemt at det kan jakta Kanadagås fom 26 juli og ut februar mot løysing av kort. For å få til ei smidig ordning der jegerar kan jakte gås fram til rjupejakta startar føreslår sakshandsamar at jakt på kanadagås vert lagt inn i smårovviltkortet, samt at det og er lov å felle Kanadagås på vanleg småvilkort i den perioden desse gjeld. Jegerar får då mogelegenheten til å jakte Kanadagås i heile perioden og det vert enkelt å administrere kortsalet då Kanadagås vert lagt på eksisterande kort.

#### Framlegg til vedtak:

1. Det opnast opp for rjupejakt fom 1 oktober 2020 tom 28 februar 2021
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare
3. Det kan skytast 2 ryper pr dag pr jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Det opprettast eigne ungdomskort for jegerar mellom 16-20 år
5. Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
6. Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
7. Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 40 pr dag gjennom året. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne og denne kan jakta både på smårovviltkortet og småvilkortet.

#### Korttyper og varighet:

	Innanbygds	Utanbygds
Alle:		
Sesongkort 01.10-28.02	20	15
Vekekort, periode 1-01.10-07.10	10	10
Vekekort, periode 2-08.10-14.10	10	10
Dagskort fom 15.10 tom 28.02	10	10
Ungdomskort 16-20 år:		
Dagskort fom 01.10 tom 28.02	9	6

#### Referat:



Det vert diskusjon om ordninga med ungdomskort. Det kjem fram forslag om å tilby årskort også for ungdomskategorien og at dette vert lagt ut som rabatt på eksisterande årskort. Vidare kjem det fram forslag om at dagskort for ungdom også skal leggast ut som rabatt på eksisterande dagskort. Det er einigheit om at det er fornuftig å avgrense salet på kort og at ein med desse grep vil hindre ansamling av for mange jegerar i dei mest populære periodane. Styret ynskjer å behalde korttyper, antal kort og tider som i forslag til vedtak, men med justeringar for ungdomskort. Det er einigheit om at ungdomskort skal ha halv pris.

**Vedtak:**

1. Det opnast opp for rjupejakt fom 1 oktober 2020 tom 28 februar 2021
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare
3. Det kan skytast 2 ryper pr dag pr jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Det oppretta eigne ungdomskort for jegerar mellom 16-20 år, dette løysast ved å legge rabatt tilsvarende halv pris på årskort og dagskort.
5. Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
6. Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
7. Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 40 pr dag gjennom året. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne og denne kan jaktast både på smårovviltkortet og småvilkortet.

Korttyper og varigheit:

	Innanbygds	Utanbygds
Alle:		
Sesongkort 01.10-28.02	20	15
Vekekort, periode 1-01.10-07.10	10	10
Vekekort, periode 2-08.10-14.10	10	10
Dagskort fom 15.10 tom 28.02	10	10

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23. Saka vert oversendt Ullensvang kommune for uttale og ein tek atterhald om at kommunen ikkje har merknader til vedtaket.

Samrøystes

Sak 34/20: Reinsjakta 2020

**Saksdokument:**

Ingen



## **Saksutgreiing:**

Hardangervidda:

Villreinutvalet har vedteke ein kvote på 5000 dyr for 2020. Fordeling av kategori dyr er på 2500 fire dyr og 2500 vaksne bukkar. Dette er eit kvoteforslag som skal handsamast av Villreinnemda før det er endeleg. For Røldal SA vil dette gje ein kvote på ca 206 dyr totalt. Dette tilseier at det vil bli rom for å selgje kort til utanbygds i år. Fjellstyret har tidlegare signalisert at dei ynskjer å tildele eit fritt dyr og ein voksen bukk til alle innanbygds samt opne for at dei som ynskjer tilleggsdyr ut over dette kan få det til ein redusert pris. Eventuelle overskotskort kan då tildelast utanbygds. Fjellstyret ynskjer og å tildele to dyr til kvar utanbygds for å avgrense talet på jegerar som kan jakte til ein kvar tid. For å forhindre opphoping av jegerar førslår ein at det maksimalt skal selgjast jaktkort til 100 jegerar totalt. Av desse kan maksimalt 30 vere utanbygds jegerar.

Fredningssone:

Røldal SA har freda eit område ved grensa mot Telemark og Ullensvang SA i mange år. Sona har vorte justert noko dei seiste åra. Ullensvang FS har innskrenka sona monaleg dei seiste åra og har opna opp sitt område heilt opp til Telemarksgrensa ved Brasfet. Røldal FS har solidarisk oppretthalde si fredningssone for å støtte opp om forsøket og sjå om dette har hatt effekt. Dersom ein ser på åra 2012-2019 er det svært avgrensa kor mange GPS simler som har kryssa gjennom området som ligg på Røldal SA. Fjellstyret kan ikkje sjå at å frede sitt beste jaktområde no lengre er foreneleg med at Ullensvang har opna opp for jakt i store delar av den opprinnelege fredningssona der. Ein kan heller ikkje sjå at fredningssona på Røldal sin del har noko stor effekt for kryssing av dyr vestover. Fjellstyret bør derfor sjå på om fredningssona er føremålsteneleg å vidareføre.

Fjellstyret ynskjer elles å vidareføre reglar som har vore tidlegare.

Fjellstyret tek opp samjaktsavtaler i eigne saker og desse vert gjeldande for jakta i 2020.

Setesdal Ryfylke:

Ein tilrår å vidareføre praksisen med at det ikkje vert tildelt jaktkort på S/R dersom ein har hatt kort her dei seiste to åra. Fjellstyret vil vurdere denne praksisen etter årets jakt og dei som tek ut kort i år vil verte påverka dersom det vert endring av praksis.

Kvoten for 2020 er vedteke av nemnda og vil ligge på same nivå som i for med 10 simler, 4 frie dyr og 15 kalvar.

Fjellstyret må bestemme kor mange jegerar som skal få tilbod og kor mange kort/korttyper kvar enkelt jeger skal få. Det må og bestemmast pris for simlekort.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal FS vedtek fylgjande reglar og retningslinjer for jakta 2020. Det er ikkje endringar som vil påverke kommunens uttalerett etter fjellova.

Det vert halde to trekningar, eit for kvart villreinområde.

Hardangervidda:



1. Det er tillete med jaktag for dei som har kort på HA280. Jaktaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema må sendast Fjellstyret før 10 august.
2. Det vert gjeve tilbod om eit fritt dyr og ein vaksen bukk til kvar innanbygds søkar. I tillegg kan dei som ynskjer det få tilbod om tilleggsdyr til redusert pris jfr tidlegare vedtekne prisar.
3. Eventuelle overskotskort kan selgjast til utanbygds. Utflytte røldøler får førerett til desse. Tildeling elles som for innanbygds. Det skal kunngjerast på kva for måte dei utanbygds må søkje på på heimesidene.
4. Jakttida er fom 20 august kl 0700 tom 30 september kl 1900. Det er nåttefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset andre jakttider for 2020 vil fjellstyret rette seg etter dette.
5. Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert oppretthalden. Om andre fjellstyre fjernar eller endrar sine fredningssoner slik at dei ikkje lengre ligg inntil fredningssona på Røldal SA vert sona fjerna utan anna vedtak.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmore reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eit gratis fritt dyr. (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i eiga sak). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Fyrstegongsjeger vil ikkje kunne søkje om fleire fellingsløyver.
8. Studentar, uføre, eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut berre eitt fellingsløyve. (sjå definisjonar i eiga sak). Jeger må informere om dette på søknaden.
9. Kort kan overførast til andre vald.

Setesdal Ryfylke:

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre eller ektefeller/sambuerar).

Det gjevast tilbod til xxx jegerar der kvar og ein får tilbod om følgjande kortpakker:

Fridyrapakke: X fritt dyr, x simle og x kalv

Simlepakke: x simle, x kalv

Dei som står først på trekningslista får tildelt fridyrapakke så langt det er kort til dette, resten får simlepakke så langt det er kort.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24

#### **Referat:**

Det kjem fram nokre merknader til dei ulike punkta i framlegg til vedtak:

1. legge til at det vil vere mogleg å få jaktagsavtale etter 10 august, men at dette kan ta noko tid.
2. ta vekk redusert pris og vise berre til vedtekne prisar sidan ordlyden no kan misforståast.



3. Det kjem fram forslag om å selge kort til utanbygds på Inatur.no. Dette for å lette arbeidet med salet. Leiar førslår å legge ut 15 kortpakker med 1 fritt dyr og 1 vaksen bukk i kvar i fyrste omgang. Føreslår å legge det ut med søknadsfrist 15 juni.

Det kjem fram forslag om å endre fristen til 7 juni for å vere litt tidlegare ute med tildeling. Støttast av alle. Styret vurderar det slik at ein kan legge ut 30 kort no og så vente til innanbygds og utflytte røldøler har fått det dei skal ha før ein evt tildelar overskotskort til fleire utanbygds. Ein skal då følgje reservelista frå Inatur.no.

5. Det vert diskusjon om fredningssone. Det er på det reine at villreinutvalet har konkludert i tidlegare rapportar at fredningssona ikkje har fungert etter intensjonen. Etter den tid har i tillegg sona vorte innskrenka til ei mykje mindre sone. Dyrepositionar frå dei seiste åra syner at fredningssona på Røldal SA ikkje har hatt noko særleg effekt. Røldal FS har lojalt stilt seg bak forsøket med fredningssone i mange år og med dette freda sitt beste jaktområde. Fjellstyret vurderar no saka slik at ein ikkje har oppnådd den effekten ein hadde håpa med tiltaket og ynskjer derfor å avslutte fredningssona på Røldal SA. Styret ynskjer å få fram at det er positivt å prøve slike tiltak, og kan i framtida vere med på å vurdere andre tiltak for å betre reinen sitt trekk gjennom området.

8. Det kjem fram forslag om å endre ordlyden slik at det samsvarar med sak 44/20 om definisjonar. Styret meiner at kategorien uføre og kategorien eldre kan samlast i ein kategori og følgeleg at alle i denne kategorien kan sökje om å få ta ut berre eitt dyr.

9. Det kjem fram forslag om tillegg til dette punktet. Styret ynskjer å kunne gje fullmakt til jegerane slik at dei kan overføre kort til andre som har kort utskrive på Røldal SA. Det kjem fram forslag om at dette skal kunne gjerast fom 1 september.

Setesdal Ryfylke:

Styret diskuterar tildeling av dyr, både mengde og type. Det vert diskusjon om det skal vere tilbod om simlekort sidan det er lite simle i området. Leiar argumenterer med at det er noko simle i området og at statistikken syner at det er felt ein del simler dei seiste åra. Det er og godt kjent at det kan vere vanskeleg å få tak i simle i området. Jakta i dette området er eksklusiv sidan det er gode sjansar for å få dyr og det er lite jegerar her. Etter litt diskusjon er det einigkeit om å kunne tilby to forskjellige kortpakker:

4 fridyrapakker: 1 fritt dyr, 1 simle og ein kalv

3 simlepakker: 1 simle og ein kalv.

### Vedtak:

Røldal FS vedtek følgjande reglar og retningslinjer for jakta 2020. Det er ikkje endringar som vil påverke kommunens uttalerett etter fjellova.

Det vert halde to trekningar, ei for kvart villreinområde.

Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktag for dei som har kort på HA280. Jaktaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema må sendast Fjellstyret før 10 august. Avtaler som sendast inn etter 10 august handsamast etter høve.



2. Det vert gjeve tilbod om eit fritt dyr og ein vaksen bukk til kvar innanbygds søker. I tillegg kan dei som ynskjer det få tilbod om tilleggsdyr jfr tidlegare vedtekne priser.
3. Eventuelle overskotskort kan selgjast til utanbygds. Utflytte røldøler får førerett til desse og skal søkje på vanleg innanbygds skjema. Tildeling elles som for innanbygds. Det leggast ut 15 kortpakker med 1 fritt dyr og 1 vaksen bukk på Inatur.no med frist 7 juni. Eventuelle restkort kan og selgjast utanbygds etter trekkingsliste på inatur.no.
4. Jakttida er fom 20 august kl 0700 tom 30 september kl 1900. Det er nättefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset andre jakttider for 2020 vil fjellstyret rette seg etter dette.
5. Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert avvikla.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmore reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eit gratis fritt dyr. (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i eiga sak). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Fyrstegongsjeger vil ikkje kunne søkje om fleire fellingsløyver.
8. Studentar, uføre/eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut berre eitt fellingsløyve. (sjå definisjonar i eiga sak). Jeger må informere om dette på søknaden.
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS fom 1 september. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktag kan ikkje overførast.

**Setesdal Ryfylke:**

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nättefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Det gjevast tilbod til 7 jegerar der kvar og ein får tilbod om følgjande kortpakker:

4 stk Fridyrapakke: 1 fritt dyr, 1 simle og 1 kalv	pris: 2800,-
3 stk Simlepakke: 1 simle, 1 kalv	pris: 1100,-

Dei som står fyrst på trekningslista får tildelt fridyrapakke så langt det er kort til dette, resten får simlepakke så langt det er kort.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24

**Sak 35/20: Samjaktavtale HA 290**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**



Fjellstyret har tidlegare vedeke å jobbe med å få på plass samjaktavtaler med fleire vald. Leiar, saman med styremedlem Andre Botnen, fekk fullmakt til å forhandle fram forslag til avtale med dei aktuelle valda. Dette arbeidet er no fullført og forslag til avtale ligg ved.

Fjellstyret må ta stilling til dette forslaget i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Heine Eikemo er uigild i saka og er ikkje med i handsaminga av denne.

Det kjem fram nokre merknader til avtaleforslaget:

- Det må kome fram at det er ei gjensidig samjaktavtale der jegerar frå HA 280 kan jakte på HA290.
- Det må kome fram at dersom jegerar vert utestengd frå jakt av fjellstyret kan heller ikkje samjaktavtale gjelde for desse.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre ynskjer å inngå avtale i tråd med framlagt forslag med tillegg av endringar i tråd med referat.

Samrøystes

Sak 36/20: Samjaktavtale HA 300

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Fjellstyret har tidlegare vedeke å jobbe med å få på plass samjaktavtaler med fleire vald. Leiar, saman med styremedlem Andre Botnen, fekk fullmakt til å forhandle fram forslag til avtale med dei aktuelle valda. Dette arbeidet er no fullført og forslag til avtale ligg ved.

Fjellstyret må ta stilling til dette forslaget i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Det kjem fram nokre merknader til avtaleforslaget:

- Det må kome fram at det er ei gjensidig samjaktavtale der jegerar frå HA 280 kan jakte på HA300.
- Det må kome fram at dersom jegerar vert utestengd frå jakt av fjellstyret kan heller ikkje samjaktavtale gjelde for desse.



**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre ynskjer å inngå avtale i tråd med framlagt forslag med tillegg av endringar i tråd med referat.

Samrøystes

**Sak 37/20: Status arbeid fiskeforvaltning****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Orientering ved Leiar:

Sendt brev til Ullensvang om førespurnad til fellesfiske i grensevatna (Holmavatnet, Tangensjøen og Vetla Uravatnet). Ymtar også frampå om dei treng hjelp til å kultivere nokre av dei overbefolka vatna som ligg rett over grensa. Er i så tilfelle villig til å be hardingane om hjelp til å kultivere Uravatnet og Hedlevatna.

Når det gjeld fiskeutsetting så har me ikkje fått noko tilbakemelding frå Fylkekommunen mtp søknaden. Om denne vert innvilga, organiserer Tor Helge fiskeutsettinga på dugnad i løpet av sommaren/hausten. Me har heller ikkje fått noko tilbakemelding frå Hydro. Verken mtp prøvefiskerapporten, eller om korleis dei stiller seg til eit eventuelt samarbeid i samband med fiskeutsettinga.

Fiskeskøyta vart kjørt inn til Ninive i løpet av påsken. Då vart det også inn fem fiskegarn med passande omfar som var henta i Gamlabua. I tillegg så er det kjøpt og transportert inn redningsvestar til barn og flytevestar til vaksne til alle hyttene. (I Hedlevass ligg desse i Eriksbu, må flyttas opp i Gamlabua i løpet av sommaren). Alt er derfor på plass for dei som har lyst å ta seg ein skikkelig ferie i sommar!

**Framlegg til vedtak:**

Med forbehold om at søknaden om fiskeutsetting vert innvilga, organiserer Tor Helge dugnad for å få sett denne ut i dei aktuelle vatna.

**Referat:**

Leiar legg fram forslag om å kjøpe inn 4 kodelåsar for å kunne låse båtane.

Vidare opplyser leiar at Fiskerapporten frå Hydro visar at dei tok opp 128 fisk frå Kaldevatnet i 12 garn. Av desse var 124 utsett av fjellstyret i 2017. Altså fisk for 2325 kroner (ein settefisk er 15 kr + MVA).

Basert på desse tala, så vert det føreslått å ikkje bruke tid på prøvefiske i Kaldevatn.

Styret ser positivt på at leiar får fullmakt til å organisere og drifte arbeidet med utsetting av fisk til sommaren.

**Vedtak:**

Det kjøpast inn 4 kodelåsar til båtane.



Leiar får fullmakt til å kjøpe inn og organisere utsetting av fisk i tråd med søknad til Fylkeskommunen.

Samrøystes

## Sak 38/20: Status stølar og hytter

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Nupshadlene: Tor Helge tar ein tur i løpet av sommaren, ser på stølen og snakkar med leigetakar.

Ståvassvika: Venter framleis på at snøen skal smelte slik at me kjem oss inn med takstmann. Dette må nokon ta ansvar for. Vedkommande bør helst disponere båt. Vurdere å spørje/betale snikker for å vera med.

Ulvabotn: Tor Helge tar ein tur i løpet av sommaren, ser på stølen og snakkar med leigetakar.

Midtfjellsvollen: Leigetakar har skrevet under avtale om kostnadsdeling. Dette betyr at me kan forsvare det økonomiske aspektet ved å ruste opp stølshuset. Avtalen seier at arbeidet skal vera klart til 1. juli. Me treng ein plan på kva som må forberedast på førehand, og om dette er noko me kan få til på dognad. Treng ein oppstartsdato i så tilfelle.

- Brøyte vegen bort til hytta.
- Leige stillas av kven?
- Fjerne torv
- Rive kledning?
- Leige kontainer?
- Må me söke om fasadeendring?
  - Ny kledning: impregnert, som ikkje skal målast?
  - Ståltak?
- Må forsikra oss om at vedaovn/pipe er av godkjent standard.

Generelt for alle hyttene:

- Det er behov for ein utvask i fleire av dei. Dette må bli i løpet av neste vinter. Alle hyttene bør nok målast. Fleire av dei treng kanskje lukker på vindauge, då snøen er hard med fleire av dei. Me bør derfor prøve å få sett over hyttene. Forhåpentligvis fått ein eller anna snikker til å laga ein liten statusrapport. Endre kode på hyttene.

Ninive: Kjøkkenvinduet er bytta. Gjenstår å lage til luka å ha på. Opplag til båten må også vølast til. Vindu i stova er sprekt. Vedakassen er bra.

Gamlabua: Sprosser på vindu er ødelagt. Manglar vedakasse. Føreslår å rive vekk benk i stova, og bygge ein kombinert batteri og vedakasse med lokk. Må få inn nye madrasser i løpet av neste vinter.

Eriksbu: Er skade over vindu i skuten fiksa?



## **Framlegg til vedtak:**

Ansvar- og arbeidsfordeling:

- Ståvassvikja
  - Transport av takstmann:
- Midtfjellsollen:
  - Organisere brøyting av veg:
  - Organisere fjerning av torv:
  - Organisere leige av stillas:
- Nupshadlene og Ulevåbotn: Tor Helge har avtale med leigetakerane om ei liten befaring

Hyttene:

- Generelt:
  - Spørje fagfolk om dei kan ta ein titt og gje statusrapport på hyttene
  - Høyre med elektriker om dei kan gå over solcellepanela, vurdere å oppgradere. I alle fall betre (tryggare) batteri.
- Ninive
  - Fikse båtopplegg
  - Lage til luke på kjøkken vinduet
  - Sjekke at stovevinduet held ein vinter til
- Gamlabua
  - Sjå på sprossene på vinduet
- Eriksbu:
  - Sjekke om skade på skut er fiksa.

## **Referat:**

Styret diskuterar arbeidsfordeling og ansvar i høve det som skal gjerast til sommaren. Det er usikkert om det går an å få brøya vegen til Midtfjellsollen før juni pga store snømengder. Alternativt må det nyttast snøskuter for transport av bygningsmaterialar.

Det har og kome opp at ein må velje nye representantar for styret i Sveigen Beitelag og Røldal Grendahus. Forslag til nye medlemer:

Sveigen Beitelag: Anne Marie G. Rabba , vara Andre Botnen.

Røldal Grendahus: Tor Helge H. Tjemsland

## **Vedtak:**

Ansvar- og arbeidsfordeling:

- Ståvassvikja
  - Transport av takstmann: Håkon
  - Bør ta med ein fagmann på befaringa
- Midtfjellsollen:
  - Organisere brøyting av veg: Heine sjekkar med Mesta om akseltrykk på bru og evt kostnader med brøyting.
  - Organisere fjerning av torv: Andre
  - Organisere leige av stillas: sekretær sjekkar ut med Markhus om han ynskjer å ordne dette eller om det skal leigast lokalt. Evt leige ordnast av Fjelloppsynet.



- Nupshadlene og Ulevåbotn: Tor Helge har avtale med leigetakerane om ei liten befaring

Hyttene:

- Generelt:
  - Spørje fagfolk om dei kan ta ein titt og gje statusrapport på hyttene. Leiar sjekkar med aktuelle personar om dette.
  - Høyre med elektriker om dei kan gå over solcellepanela, vurdere å oppgradere. I alle fall betre (tryggare) batteri. Leiar tek ansvar for dette.
- Ninive
  - Fikse båtopplegg- leiar avklarar plassering
  - Lage til luke på kjøkkenvinduet
  - Sjekke at stovevinduet held ein vinter til
- Gamlabua
  - Sjå på sprossene på vinduet
- Eriksbu:
  - Sjekke om skade på skut er fiksa

Val av representantar til styre i Sveigen Beitelag og Røldal Grendahus:

Sveigen Beitelag: Anne Marie G. Rabba , vara Andre Botnen.

Røldal Grendahus: Tor Helge H. Tjemsland

Sak 39/20: Røldalsmarknaden

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

AVLYST! Kjøyrer kortsøkjing som planlagt. Tor Helge har snakka med Haldis, så me får setje opp postkassen i huken med tavla på handelslaget. Nokon må sjekke denne regelmessing og digitalisere eventuelle papirsøknadar.

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Styret fordelar ansvar for organisering av innkomne forslag og søknader.

**Vedtak:**

Ansvar for å tømme postkasse og digitalisere dette: Anne Marie og Randi  
Ansvar for innkomne søknader på epost: Tor Helge

Sak 40/20: Orientering frå sekretær



**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Leggast fram på møtet

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Sekretær orienterer om «Fjellstyregavene». Viser elles til heimesidene til Fjellstyresambandet .

Det er einigheit om at ein ikkje ynskjer å bidra til auka ferdslar i sentrale delar av Statsallmenningen med dette tiltaket og ynskjer at ein skal prioritere vognære område av omsyn til ferdslar og av omsyn til å kunne inkludere flest mogeleg.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre ser positivt på tiltaket og ynskjer å bidra til at dette skal bli vellukka. Fjelloppsynet får ansvar for å organisere tiltaket.

## Sak 41/20: Sanksjonar ved lovbroten på Røldal Statsallmenning

**Saksdokument:**

Sanksjonar vedteken av FHas i sak 15/17

**Saksutgreiing:**

Fjelova § 25, tredje ledd gjev fjellstyret rett til å nekte å skrive ut jaktkort til personar som dei tre siste åra er straffedømte eller som har vedteke førelegg for brot «mot nokor førsegn om jakt».

Det betyr at alle reglar som vert vedteke av fjellstyret i medhald av §23, tredje ledd vil ligge til grunn for moglege sanksjonar i tillegg til andre føresegner om jakt, jfr § 25, tredje ledd.

Det ligg og i dette regelverket at ein jeger kan utestengast frå den dato ein rettskraftig dom ligg føre eller frå den dato ein jegeren har vedteke førelegg. Utestenginga kan vere opp til 3 år.

Fjellstyret må i si handsaming av desse sakene vurdere kor alvorleg brotet har vore og kor lenge ein jeger skal utestengast frå jakt på Statsallmenning. Det vil vere avgjerande for folks oppfatning av lik handsaming at desse sakene vert handsama likt frå fjellstyre til fjellstyre. For å sikre dette vil felles retningslinjer for handsaming av desse sakene vere avgjerande.

Alle fjellstyna på Hardangervidda hadde dette opp til høyring i 2017 (Røldal FS i sak 24/17). FH vedtok så retningslinjene i eige sak (15/17). Retningslinjene er meint å vere retningsgjevande for alle fjellstyna i handsaming av slike saker. Kvart fjellstyre står fritt til å vurdere alle saker individuelt.

Røldal FS har ikkje hatt denne saka oppe til vedtak etter vedtaket i FH og bør gjere dette. Desse retningslinjene bør og offentleggjeraast for brukarane på heimesida.

For Røldal Fjellstyre er det og naturleg at tilsvarande retningslinjer vert gjeldande på området sør for E134 som ligg i Setesdal Ryfylke villreinområde. I saksutgreiinga til FH står det at det gjeld Hardangervidda, men det må sjølv sagt og gjelde heile Røldal SA.



Sakshandsamar ynskjer å presisere at desse retningslinjene ikkje innfører noko nytt i høve sanksjonar frå fjellstyret ved lovbro. Det er berre eit verktøy for å hjelpe fjellstyra til å handsame alle nokonlunde likt.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyre tek framlegg til retningslinjer for sanksjonar ifbm jaktrelaterte lovbro til vitande og ynskjer at desse skal vere førande for sakshandsaming i slike saker.

**Referat:**

Det kjem ikkje fram merknader til framlegg til vedtak ut over at fjellstyret ikkje vil at dette skal ha tilbakeverkande kraft. Retningslinjene tek derfor til å gjelde fom 2020.

Vedtaket må verte kommunisert ut til brukararne. Det kjem forslag om å publisere desse på heimesida i lag med jaktreglane.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre tek framlegg til retningslinjer for sanksjonar ifbm jaktrelaterte lovbro til vitande og ynskjer at desse skal vere førande for sakshandsaming i slike saker. Retningslinjene tek til å gjelde fom 2020.

**Sak 42/20: Endring av fiskeregular**

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Gjeldande reglar for fiske:

Generelle reglar

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytta anna fiskerekiskap enn handsnøre, stang, garn eller oter. Line og ståkrok er forbode. Alt garnfiske og oterfiske er forbeholdt innanbygdsbuande
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærrare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nytta garn med mindre maskevidde enn 31 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar).
6. Det er tillete å fiske med inntil 10 garn unntake vatn nemnd i spesielle reglar.
7. Garna skal være tydelig merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synleg.
8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.



## Spesielle reglar

1. I Urdavatnet, Øvre- og Nedre Hellevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding.
2. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjelder dette og for fiske med stong og oter.
3. Høsingevatnet er freda for garnfiske fom sesongen 2018.

Fjellstyret ser det som naudsynt å endre reglane noko for å tilpasse desse til dagens situasjon. Det er uklart for mange om det i tillegg til oter er lov å nyte andre tilsvarande reidskapar til fisket, noko ein bør opne for. Det vil og vere gunstig å endre dei generelle reglane om maskevidde og heller regulere fisket ytterlegare i spesielle reglar dersom naudsynt. Det vert derfor tilrådd å gå opp til minste maskevidde 35 mm (18 omfar). Det vil og vere naudsynt å klargjere reglar for merking av garn.

Ein tilrår også å fjerne garforbodet i Høsingvatnet fom 2020 av di fisken no har nådd ein storleik som kan beskattast.

## Framlegg til vedtak:

### *FISKEREGLAR FOR RØLDAL STATSALLMENNING*

#### Generelle reglar:

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nyta anna fiskereksplosiv enn handsnøre, stang, garn, oter eller liknande. Line og ståkrok er forbode. Alt garnfiske og oterfiske er forbeholdt innanbygdsbuande
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærrare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nyta garn med større maskevidde enn 35 mm mellom knutane når garnet er vått (18 omfar) unntake vatn nemnd i spesielle reglar.
6. Det er tillete å fiske med eit inntil 10 garn unntake vatn nemnd i spesielle reglar.
7. Garna skal være tydelig merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synleg. I dei tilfella at Fjellstyret har lagt til rette for at brukarane kan nyte garn som er fjellstyrets eigedom skal desse vere merka Røldal Fjellstyre. Legetakrar av stølar som har fått løyve til å fiske skal merke garna med namnet på beitelaget eller stølen.
8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

#### Spesielle reglar:

1. I Uravatnet, Skuretjødna (Ostanuttjødna), Votna, Ståvatnet, Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskerane til å i hovudsak setje småmaska garn (31.5mm/20 omfar eller mindre) i desse vatna.



2. I Nordre og Søra Steggjavotna, Øvsta og Nedsta Longevotna, Tangensjøen, Høsingvatnet, Holmavatnet, Austre og Vestre Middyrvatn, Nupstjørn, Kaldevatnet og Trossovtjødna er det ikkje lov å nytte fleire enn 5 garn. Garna skal ha maskevidde større eller lik 31,5 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar).

3. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjelder dette og for fiske med handsnøre, stang, oter eller liknande

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §28-30. Vedtaket opphevar tidlegare avgrensingar og treng ikkje høyrist i kommunen.

#### **Referat:**

Det vert diskusjon om fiskeregler i Holmavatnet då det kjem fram at Ullensvang SA har andre reglar her. Styret meiner det prinsipielt bør vere like reglar i same vatnet.

Det kjem derfor fram forslag om å legge til eit punkt 4 i spesielle reglar som går på at reglane kan endrast i tråd med Ullensvang sine reglar på eit seinare tidspunkt dersom ein får ei avtale om felles fiskeforvaltning i grensevatn. Dette gjeld Tangensjøen, Vetla Uravatnet og Holmavatnet.

Det vert presisert at i spesielle reglar punkt 2 så skal det stå større eller lik maskevidde 31,5 mm.

#### **Vedtak:**

##### **FISKEREGLAR FOR RØLDAL STATSALLMENNING**

Generelle reglar:

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytta anna fiskereiskap enn handsnøre, stang, garn, oter eller liknande. Line og ståkrok er forbode. Alt garnfiske og oterfiske er forbeholdt innanbygdsbuande
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærrare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nytta garn med større maskevidde enn 35 mm mellom knutane når garnet er vått (18 omfar) unntake vatn nemnd i spesielle reglar.
6. Det er tillete å fiske med eit inntil 10 garn unntake vatn nemnd i spesielle reglar.
7. Garna skal være tydelig merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synleg. I dei tilfella at Fjellstyret har lagt til rette for at brukarane kan nytte garn som er fjellstyrets eigedom skal desse vere merka Røldal Fjellstyre. Leigetakrarar av stølar som har fått løyve til å fiske skal merke garna med namnet på beitelaget eller stølen.
8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar:

1. I Uravatnet, Skuretjødna (Ostanuttjødna), Votna, Ståvatnet, Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskerane til å i hovudsak setje småmaska garn (31.5mm/20 omfar eller mindre) i desse vatna.



2. I Nordre og Søra Steggjavotna, Øvsta og Nedsta Longevotna, Tangensjøen, Høsingvatnet, Holmavatnet, Austre og Vestre Middyrvatn, Nupstjørn, Kaldevatnet og Trossovtjødna er det ikkje lov å nytte fleire enn 5 garn. Garna skal ha maskevidde større eller lik 31,5 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar).
3. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjelder dette og for fiske med handsnøre, stang, oter eller liknande
4. Dersom Ullensvang SA ynskjer eit samarbeid i grensevatna Tangensjøen, Vetla Uravatnet og Holmavatnet vert fiskereglane her endra gjennom nytt vedtak slik at dei vert like som Ullensvang sine reglar. Dette gjerast utan å høyre kommunen ytterlegare.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §28-30. Vedtaket oversendast Ullensvang kommune for uttale og ein tek etterhald om at det ikkje er merknader til vedtaket.

## Sak 43/20: Motorferdsle på Røldal SA

### Saksdokument:

Ingen

### Saksutgreiing:

Det har kome fram ynskje om å klargjere reglane for motorisert ferdsle på Røldal SA. Det er i dag ulike gamle vedtak som det er usikkerheit rundt. Fjellstyret vel derfor å ta ei felles sak opp til handsaming der dette vert klargjort.

§ 12 i Fjellova omhandlar grunndisponering i statsallmenning og vart endra i 2015. Her fekk fjellstyret utvida sine fullmakter når det gjeld motorferdsle. Ordlyden i § 12 er no slik når det gjeld motorferdsle i statsallmenning: «*Rett til å forby eller redusere motorferdsel i statsallmenning for andre enn Statskog SF ligg til fjellstyret. Før fjellstyret tek avgjerd, skal Statskog SF, og i tilfelle allmenningsstyret, ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.*»

Statskog har praktisert at alle som får løyve av kommunen etter Motorferdslelova og Tilsynsutval/Forvaltningsmyndigkeit etter verneforskrifter, har hatt grunneigars løyve til motorferdsle. Dette grunneigarløyvet har vorte gjeve ved fullmakt til kommunane.

Den motorferdsle som er på allmenningen i dag er det for ein stor del Fjellstyret sjølv som står for saman med DNT og andre som har hytter i området. I tillegg har ein ein viss ferdsle av oppsyn, forskingsinstitusjonar og energiselskap. Alle desse utfører i hovudsak motorferdsle på vinterstid. I barmarkssesongen er det berre landing med fly og helikopter samt bruk av motorbåt i dag

Det vil vere praktisk for Røldal fjellstyre at det vert gjeve fullmakt til kommunen og Tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark i Vestland, slik at dei kan gjeve løyve når dette vert gjort i medhald av motorferdslelova og verneforskrifta. Denne fullmakta bør gjevast for bruk av beltekøyretøy på vinterføre, båttransport med motor og for landing med helikopter der løyve er gjeve av forvaltningsmynde. For annan transport på barmark skal fjellstyret handsame sakene i kvart tilfelle.

Spesielt om området sør for E134:

Her har fjellstyret tidlegare gjort følgjande vedtak i sak 8/17: *Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikkje å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiar fullmakt til å gje*



*løyve til enkeltturar etter søknad. Køyring med heimel direkte i lov er ikke omfatta av vedtaket og vert såleis tillete. Vedtaket oversendast Odda kommune til orientering. Vedtaket gjerast i medhald av fjellova § 12*

Fjellstyret ynskjer å vidareføre dette vedtaket.

Statskog har uttalerett i desse sakene. Andre fjellstyre har tidlegare gjort tilsvarande vedtak i desse sakene og Statskog har ikke hatt merknader. Vedtaket bør likevel gjerast med atterhald om at Statskog kan ha merknader.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyre gjev Ullensvang kommune og Tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark i Vestland fullmakt til å gje løyve til motorisert ferdsle på Røldal Statsallmenning. Unntaket er ferdsle på barmark med hjul- eller beltegående køyretøy. Her skal fjellstyret handsame kvar enkelt sak. Fullmakta gjeld der løyve vert gjeve i samsvar med lov om motorferdsle i utmark og vassdrag og verneforskrifta for Hardangervidda Nasjonalpark. Fjellstyret skal ha kopi av dispensasjonar som vert gjeve. Fjellstyret kan etter vedtak oppheve denne fullmakta med øyeblinkkeleg verknad.

Spesielt om området sør for E134:

Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikke å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiar fullmakt til å gje løyve til enkeltturar etter søknad. Køyring med heimel direkte i lov er ikke omfatta av vedtaket og vert såleis tillete.

Tidlegare vedtak om motorisert ferdsle på Røldal SA vert oppheva med dette vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 12. Fjellstyret tek atterhald om at Statskog ikke har merknader til vedtaket. Vedtaket oversendast Ullensvang kommune til orientering.

**Referat:**

Leiar ynskjer å få protokollført at dette vedtaket vert gjort på tross av at det i utgangspunktet er problematisk at Grunneigarlaget tek betaling for at Fjellstyret skal få køyre over deira grunn samstundes som at fjellstyret opnar opp for at nokre av dei same grunneigarane no enkelt og vederlagsfritt kan køyra over Statsallmenningen. Leiar ynskjer ikke å forfølge denne saka vidare, men vil peike på ei ordning som kan virke noko urimeleg.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre gjev Ullensvang kommune og Tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark i Vestland fullmakt til å gje løyve til motorisert ferdsle på Røldal Statsallmenning. Unntaket er ferdsle på barmark med hjul- eller beltegående køyretøy. Her skal fjellstyret handsame kvar enkelt sak. Fullmakta gjeld der løyve vert gjeve i samsvar med lov om motorferdsle i utmark og vassdrag og verneforskrifta for Hardangervidda Nasjonalpark. Fjellstyret skal ha kopi av dispensasjonar som vert gjeve. Fjellstyret kan etter vedtak oppheve denne fullmakta med øyeblinkkeleg verknad.

Spesielt om området sør for E134:



Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikkje å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiар fullmakt til å gje løyve til enkeltturar etter søknad. Køyring med heimel direkte i lov er ikkje omfatta av vedtaket og vert såleis tillete.

Tidlegare vedtak om motorisert ferdslе på Røldal SA vert oppheva med dette vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 12. Fjellstyret tek atterhald om at Statskog ikkje har merknader til vedtaket. Vedtaket oversendast Ullensvang kommune til orientering.

## Sak 44/20: Definisjonar ifbm regelverk Røldal SA

### **Saksdokument:**

Ingen

### **Saksutgreiing:**

Røldal FS ynskjer å klargjere kva som ligg i ulike omgrep ved sakshandsaming og vedtak om reglar på Røldal SA:

*Innanbygdsjeger:* Følger § 23 i Fjellova: Ein innanbygdsjeger er ein som siste året har vore og framleis er fast busett i Røldal. Fjellstyret tolker dette som ein som har folkeregistrert bustadadresse i gamle Røldal kommune per 01. november føregåande år, samtidig som han framleis er, og har vore, fast busett i bygda. Fjellstyret avgjer tvilstilfeller ved skjønn i kvart enkelt tilfelle. Folkeregisterlova gjeld.

*Utflytt Røldøl:* Person som på eit tidlegare tidspunkt har oppfylt vilkåra til å vere innanbygdsjeger

*Fyrstegongsjeger:* Person som oppfyller vilkåra i forskrift om jakt, felling og fangst på Statsallmenning § 6. Dvs for småviltjakt mellom 14 og 16 år og for storviltjakt mellom 16 o 18 år.

*Student:* Person under 25 år som ikkje er i fast arbeid. Lærlingar vert ikkje rekna som studentar.

*Uføre:* Person som med grunngjeving søker om å få eit redusert tal fellingsløyve pga helsesituasjon.

*Eldre:* Personar over 70 år som ynskjer det kan ta ut eit redusert tal fellingsløyve.

*Ektefelle/sambuar:* ektefeller og sambuarpar, som begge er innanbygds jegerar kan søkje om at ein av partane kan få tildelt eit redusert tal fellingsløyve.

### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

### **Referat:**

Det vert diskusjon om kategorien innanbygdsbuande. Leiар ynskjer å opne opp for at personar som har flytta til Røldal etter 1 november også skal reknast som innanbygdsbuande. Meiner dette vil



vere uproblematisk dersom det er klare reglar for dette. Leiar meiner og at ein kan slå saman kategorien eldre og kategorien uføre til ein kategori, der begge då må søkje om å få ta ut eitt kort.

Styret stiller seg bak forslaga til leiar.

**Vedtak:**

Røldal FS ynskjer å klargjere kva som ligg i ulike omgrep ved sakshandsaming og vedtak om reglar på Røldal SA:

*Innanbygdsjeger:* Følger § 23 i Fjellova; person som siste året har vore og framleis er fast busett i Røldal. Fjellstyret tolker dette som ein som har folkeregistrert bustadadresse i gamle Røldal kommune per 01. november føregåande år, samtidig som han framleis er, og har vore, fast busett i bygda. Fjellstyret utvidar innanbygdsbuande omgrepet til også å gjelde personar som har folkeregistrert bustadadresse i gamle Røldal kommune på datoен for søknadsfrist for villreinkort.

*Fjellstyret avgjer tvilstilfeller ved skjønn i quart enkelt tilfelle.*

*Utflytt Røldøl:* Person som på eit tidlegare tidspunkt har oppfylt vilkåra til å vere innanbygdsjeger

*Fyrstegongsjeger:* Person som oppfyller vilkåra i forskrift om jakt, felling og fangst på Statsallmenning § 6. Dvs for småviltjakt mellom 14 og 16 år og for storviltjakt mellom 16 og 18 år.

*Student:* Person under 25 år som ikkje er i fast arbeid. Lærlingar vert ikkje rekna som studentar.

*Uføre/eldre:* Person som med grunngjeving søker om å få eit redusert tal fellingsløyve pga helseituasjon.

*Ektefelle/sambuar:* ektefeller og sambuarpar, som begge er innanbygds jegerar kan søker om at ein av partane kan få tildelt eit redusert tal fellingsløyve.

Samrøystes

Sak 45/20: Praksis utleige fjellstyrehytter - koronatiltak

**Saksdokument:**

Korona og hyttedrift – mail fra Norges Fjellstyresamband

**Saksutgreiing:**

Fjellstyrehyttene er stengt ut mai. Norges Fjellstyresamband opnar for at dette kan opphevast.

Røldal sine hytter er svært lite i bruk i sommarsesongen. Ein bør ta høgde for at dette kan verte annleis i år, då reiserestriksjonane nok vil vera betydelege også i sommar. Fjellstyret bør difor diskutere kva korleis me vil handtere spørsmål om utleige, og eventuelle smitteverntiltak.



Då Fjellstyret ikkje driv kommersielt, så bør dette vera tiltak som er enkle og implementera og følgje opp. Fjellstyre bør også leggje seg på ei linje som tilfredstiller dagens krav, då ein ikkje kan endre desse kvar gong myndigkeitene kjem på noko nytt.

Då hygienen på hyttene aldri kan tilfredstilla krava, så må ein gå inn for ein tre dagars karantene periode mellom kvar gruppe med leidgetakerar. Ein må også leige ut hyttene eksklusivt. For å kunne organisere dette, så må ein organisere eit reservasjonssystem.

I jakta vil dette vera eit problem, då ein ofte reiser inn når ein ser vindretninga er gunstig. Her må ein difor kanskje tenkje litt annleis.

Ein kan vurdere å opne hyttene for utleige, men begrense antallet personar til 5. Skal ein ta eit telefonmøte i begynnelsen av august og bestemme dette?

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Leiar legg fram fylgjande forslag:

Føreslår å sjå an utleige i jakta, men å lage opplegg for sommaren. Dette bør vere organisert som eksklusiv utleige med brakklegging i 3 dagar mellom utleigeperiodane. Føreslår søknadsfrist for leige av hytter til 15 juni og at ein legg ut informasjon om dette på Handelslaget. Dersom fleire vil ha hytter på same tidspunkt vert det trekking.

Styret stiller seg bak forslaget og ynskjer at det skal vere ein minimumspris for leige av hytter på kr 250,- pr nått. Elles prisar som vanleg.

#### **Vedtak:**

Hyttene leigast ut etter søknad i sommarsesongen fram til 15 august. Fjellstyret tek ei ny vurdering før jakta på korleis bruken av hyttene skal vere i jakta.

Det skal betalast ein minimumspris på 250,- pr nått, elles prisar som vanleg.

Leiar får fullmakt til å organisere utleige i sommar.

Randi og Anne Marie digitaliserer eventuelle innkomne papirsøknader.

## Sak 46/20: Møtelokale og oppbevaring av dokumenter

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Fjellstyret har fått nøkken til møtelokala i Banken. Der har dei også gått til innkjøp av oppbevaringsskap. Fjellstyret har fått tilbod om å kjøpe eit av desse.

Skapet kostar om lag 4400 inkludert MVA. I tillegg kjem fraktkostnadar på om lag 600 kroner.

Fjellstyret manglar ein stad å oppbevare gamle sakspapir. Å få organisert desse papira, og oppbevare dei i eige låsbart skap i Banken, bør vera eit bra alternativ.

### **Framlegg til vedtak:**



**Referat:**

Fjellstyret ser positivt på ordninga det er lagt til rette for. Styret ynskjer å nytte denne og godkjenner kjøp av skap.

**Vedtak:**

Røldal FS kjøper skap i tråd med saksutgreiing.

